

## Nytt mønebeslag på våningshuset og vern av kårhuset



I løpet av seinhausten i fjor tok vinden mønebeslaget på kårhuset. Vanlige aluminiumsbeslag vart rett og slett for svake i Årdalen når vindkreftene ruska som verst.

Nye og mykje kraftigare mønebeslag vart leverte av Olsen Blikkenslagerverksted i Nordpollen, men det har ikkje vore høve til å få dei på plass.

Men endeleg, laurdag 14. november fekk Per Arne med seg Stig Vattøy frå Tjørnvågen for å ta ein dugnad på dette. Mønebeslaget var installert på mønet og skrudd fast, så no skal taket vere tett og godt og tåle vinden.



I tillegg fekk dei lagt ny presenning på gavlveggen på kårhuset. Den gamle var byrja å få flerrer etter å ha blitt herja med av vinden eit par års tid. Presenningen er heilt nødvendig for å verne tømmeret i kårhuset, som dessverre har rotskader. Desse må utbetrast før veggen kan kleast opp att.

18.11.2009  
th